

Kyrkjeblad for Vestre Slidre



Foto: Jarle I. Kvam

Slidre

Det er ei bygd som er oss kjærast
av alle grender her i nord,
for alltid ligg du hjarta nærast
du fagre bygd kring Slidrefjord.

Frå fjell og fjord og grøne lider
me høyrer som ein etterljom
av tru og dåd i forne tider
med vardevakt og Slidredom.

Der slidremålet syng og leikar
er hugnadsamt i gard og grensd,
der varden høgt mot himlen peikar
er dåd og manndom enno kjend.

Der er det godt å bu og bygge
for rudningsmann med mot og tru
og Dag si ætt på tufter trygge
held vakt frå Kvam og Solabu.

NILS WISTE (1891–1984)



Lat viljen din råda

Det tomme mørkeret som fyller langfredag kan vi kjenne oss att i. Kanskje kan vi også kjenne att sorga, omsorga og kjærleiken som blir vekt i oss i møte med den lidande og den døde?

Jesus skal snart takast ned frå krossen og leggast i grava. Og kvinnene ved krossen skal snart kikke inn i grava sitt tomme mørker, fylte av sorg, omsorg og kjærleik. Men kvar er Gud i alt dette meiningslause? Finst det håp?

Jesus bad i Getsemane-hagen, før han vart tatt til fange og krossfest: «Lat viljen din råda.» Vi feirar ikkje påske fordi Jesus døydde på krossen. Vi feirar påske fordi fortsetting følgjer.

Bøna i Getsemane er som eit ekko frå Fadervår: «Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen». Det er ikkje ei stadfesting på at alt som skjer på jorda er Guds plan. Det er ei bøn om at Guds himmelske vilje skal skje, i alt som møter oss på jorda. Også i møte med liding og død. At noko skal skapast på ny.

Kan det finnast ein god Gud, når det er så mykje vondskap i verda? Det spørsmålet står framleis uløyst, men det står ikkje utan svar. Gud er skjult



Biskop Ole Kristian Bonden. Foto: Lars Martin Bøe.

for oss, men Jesus er synleg. Kristus på krossen fortel oss noko om Gud. Vi ser Guds kjærleik spikra på ein kross. Vi ser Guds nærvær i den lidande. Og vi kan kjenne att verdas naud og menneske si liding i Jesu død. Også fortvilinga, einsemda, kjensla av å vere attgløymd av Gud, ropet og stilla. Vi kjenner att døden og dødskreftene.

Men vi kjenner att meir. I den krossfeste Jesus kjenner vi også att evangeliet om skaparen av himmel og jord. Han som gir livet sitt for venene sine. Som byd oss å elske vår neste. Som gjer sjuke friske og reiser opp den som snublar. Han tar til seg menneske som er på utsida, og forkynner nåde og hjartelag i ord og handling. Han syner oss ein kjærleik som er sterkare enn døden. Etter langfredagen si sorg og mørker kjem påskemorgonen med lys og glede. Det skjer, og livet vert skapt på ny. Fortsetting følgjer.

Gud er nær, og kjærleiken er sterkare enn døden. Den tomme krossen minner oss om døden, men først og sist er det teiknet på den oppstadne Kristus. Livet sigrar. Guds nærliek og kjærleik finst i verda.

God påske!

Ole Kristian Bonden
Hamar biskop



Altartavle frå Sør-Fron. Foto: Jorun Vang.

Kyrkja mi

Nå har eg fått lov til å gå rundt i kyrkjene i Vestre Slidre i eit par månader, og på vegen har eg møtt fleire av dykk. I møter i gravferd, messer, dåp eller andre hendingar. Mange har eit sterkt forhold til kyrkja si, anten det er Lomen, Røn eller Slidre. Og det er så flott å sjå – og så flott å få lov til å bli kjent med. Samstundes er det mange av dykk eg endå ikkje har møtt, og som eg gler meg til å møte framover.

Eg er nyfiken på kva det tenkjer at kyrkja skal vera for dykk. Korleis tenkjer du at me kan vera der for deg og dykk inn i åra som kjem? Har du ein tanke om korleis du vil at messene skal være? Kunne du tenke deg messer eller møteplassar på andre tider, andre stadar eller andre måtar enn i dag?

Det er utruleg mykje fint i det kyrkjelege arbeidet som er her i kommunen, og det er flotte tradisjonar i messene i kyrkjene. Men det betyr ikkje at det ikkje er mogleg å gjera nokre endringar. Skal me ha middag og messe ein tysdagkveld? Eller messe og musikk ein onsdag? Kanskje filosofi og teologi på Kulturkafeen?

Nokre av dykk eg møter, seier at dykker tankar eller meininger ikkje er så viktige eller vesentlige inn i dette. «Eg er jo ikkje sånn aktiv i kyrkjelege ting...» Men kyrkja er til for alle! Og då er og dine tankar og dine forslag viktige.

Kyrkja i Vestre Slidre, er eit glasmaleri av fargerike bitar – av folk som bur og lever her. Og eg skal få lov til å jobbe saman med dykk for nettopp å leggje til rette for at de skal kunne kjenne at kyrkja i Røn, Slidre eller Lomen er nettopp di kyrkje.

Eg skal ikkje lage revolusjon, men eg vil gjerne høre kva du tenkjer og så kan me saman jobbe for et det også framover vert ei levande kyrkje med plass for ulike messer, heilage møteplasser og eit arbeid som er relevant for kvardagslivet i Vestre Slidre.

Håpar eg hører frå nettopp deg.

Janne prest

Festeavgifter og frigraver

Om våren sender vi ut fakturaer for festeavgift for fem år om gongen. Den årlege festeavgifta er per i dag kr 150,-, faktura for 5 år blir altså kr 750,-.

Ei frgrav er ei grav som er ledig, den er gratis å bruke til fredningstida er over, det vil seia at det må gå visst mange år etter sist gravlagde før grava kan brukast om att. Ved Røn, Lomen og Slidre gravplassar er fredningstida 20 år, ved Øyjar er den 30 år, det er anna jordsmønster og nedbrytinga går saktare.

Fredningstid for urnegraver er 20 år.

Ein kan behalde grava lenger om ein vil, då må ein betale festeavgift.

Utdrag frå vedtekten for gravplassane i Vestre Slidre:

3 Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når fredningstida er ute, kan gravstaden festast for fem nye år. Når det har gått 60 år etter siste gravlegging, kan feste ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg felleråd.

I god tid før festetida eller fredningstida er ute, skal festaren varslast i brev. Er festet ikkje fornøya innan seks månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjera spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festaren dør, må arvingane verte samde om kven som skal overta festeretten. Namn og adresse til den nye festaren skal kyrkjeverga ha.

7 Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsaast av den ansvarlege eller av tilsett på gravplassen. Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg planting og stell av grav mot betaling.

Les om det på s. 10.

Veslemøy Kvamme, kyrkjeverge

Den aller fyrste påska

Utferra frå Egypt ligg til grunn for feiringa av den jødiske påska, pesach, omtala som «det usyra brødet si høgtid».

Nokon som hugsar Josef? Nest yngst og gullguten til far sin, Jakob (son til Isak, soneson til Abraham). Han hadde 11 søner til, men Josef var favoritten. Kanskje fordi mora Rakel var yndlingskona, og Josef la for dagen spesielle evner som til dømes draumtyding, samstundes som han var sanndrøymt. Dette tykte faren var stas, medan brørne lo og gjorde narr...

Ein dag fekk Josef ei vakker og fargerik kappe av Jakob, og den var han inderleg kry av.

– Sjå! sa han til brørne – sjå kor fin kappe eg har fått av far!

Sure og augensjuke var dei på Josef frå før, men no vart det verkeleg nok! Dei tok guten, sleit av han kappa og hivde han ned i ein tom brunn. Det fine plagget hans sulka dei til med blod frå eit slaktedyr, og tok det med heim for å få Jakob til å tru at Josef var drepen.



Josef og brødrene av Christoffer Wilhelm Eckersberg ca. 1811.

Etterpå drog dei Josef oppatt or brunnen og selde han til omfarande slavehandlarar, som tok han med seg til Egypt. Ferdig med han, tenkte nok dei...



Fru Potifar av Ciro Ferri.

I Egypt fekk Josef tenest hjå Potifar, livvakta til Farao, og vart vel omtykt, gåverik og vakker som han var. Fru Potifar likte han litt for godt, så ho lokka han opp på rommet sitt med amorøse ambisjonar. Det kom ho ikkje langt med, han kom seg unna, men mista kappa si i farten. Ho vart rasande, treiv kappa og gjekk rett til Potifar og sa at Josef hadde prøvd å forføre henne. Dermed hamna han i fengsel, og vart sitande der i to år.

Farao fekk ei natt underlege draumar, som uroa han sterkt; Sju fine, feite kyr vart slukt av sju radmagre. Sju modne, fulle aks vart slukt av sju turre, tome aks.

Josef vart boddsett som draumetydar, og han sa et både draumane tydde det same: Landet ville no få 7 gode og fruktbare år, deretter 7 år.

Det egyptiske folk måtte dyrke korn og alt som dyrkast kunne i dei gode åra, samle og organisere grøda i store lager over heile landet og på den måten førebu seg på uåra som fylgde etter.

Dette slo til, Farao sette Josef fri og let han få den mest betrudde stillinga i landet som visir og administrator for dette arbeidet, – samstundes fekk han namnet Safenat-Paneah.

Uåra kom og ramma ikkje berre her; frå andre land kom folk i hopetal for å kjøpe korn i Egypt, for der var det fulle lager.

Ein dag dukka brørne til Josef opp, med gamle far sin. Fyrst lest Josef ikkje kjenne dei, men sette dei på prøve; sidan vart det gledeleg familieattereining. Han tok dei med til landområdet Gosen og der vart dei buande...

Snart vart dei mange. Jakobs 12 søner vart stamfedre til 12 stammer. Dei vart kalla isrealittar.



Reunion, josef blir attkjend av brørne. Av Leon Pierre Urbain Bourgeois.

Etter at Josef var død, 110 år gamal, kom ein ny farao til makta. Han kjende ikkje Josef, og han irriterte seg over alle desse hebrearane som vrimala rundt i riket hans. Han var redd dei skulle bli for mange og kanskje ta makta i Egypt, så han gjorde dei til slavar. I tillegg kravde han at alle guteborna deira skulle drepast.

Då er det duka for baby Moses. For å sleppe unna dei egypiske mordarane la mora den vesle ungen sin i ei sivkorg, og sette den ut på vatnet i Nilen. Storesyster Miriam fylgte etter for å sjå korleis det gjekk. Dotter til Farao fann han, tykte synd om han og tok han til seg. Då var Miriam på pletten med forslag til amme - guten si mor - og slik vart det. Kongsdottera fostra han opp som sin eigen son og gav han namnet Moses.



Moses in the basket av Elisabeth Jane Gardner (1837–1923).

han slo egyptaren i hel og gøynde han i sanden.

No fekk han fart på seg til å førebu utvandringa frå Egypt. Det skulle ikkje bli lett. Farao nekta dei å reise, billeg arbeidskraft hang ikkje ferdig på tre den gongen heller, så det var nei og etter nei.

Til hjelp sende då Gud dei 10 landeplagene:

Vatnet i Nilen vart til blod. Froskar i mengder. Myggsvermar. Insektsvermar. Pest. Byllar. Haglstorm. Grasshoppesverm. Mørke over heile landet.

Desse plagene fungerte som ein kontrast mellom Guds makt og dei egyptiske gudane, som her vart makteslause.

Likevel stod Farao i mot og nekta utreise heilt til den tiende plaga kom:

Dødens engel skulle gå gjennom landet og ta livet av alle fyrstefødde blant både menneske og dyr.



Slavepisking, gravmålestykke frå Egypt, ukjent kunstnar.



Dødens engel av Nikolai Petrovich Lomtev.

Israelittane fekk bod om å slakte eit lam. Med blodet frå lammet skulle dei markere dørstolpane og bjelken over døra. Der ville dødsengelen gå forbi.

Medan døden på denne måten ramma Egypt, gav Farao israelittane lov til å ta med seg buskapen sin og dra. Moses førde israelsfolket heile den strabasiøse turen gjennom Sinaiørkenen og fram til landet dei ein gong vart lova.



Flukten fra Egypt av James Jacques Tissot ca 1896-1902.

Under ferda skal Moses ha teke i mot lovtavlene med *Dei ti boda*. Han døydde før dei kom fram til landet sitt, 120 år gammal.

Pesach tyder «gå forbi», og jødane si påske er såleis ei feiring av at Gud gjekk forbi husa deira utan å stoppe for å drepa den fyrstefødde. Dei feirar også at denne hendinga førte til at israelsfolket fekk fara frå Egypt og heim til Kanaans land.

Her finn vi også bakgrunnen for vår kristne påske, ettersom Jesu lidingar gjekk føre seg nett på den tida israelsfolket feira sin pesach.

Sigrun Sørensen

Varm velkomst for sokneprest Janne Sukka



Sokneprest Janne Sukka og prost Carl Phillip Weisser helste på alle etter gudstenesta.



Haldor ynskte Janne velkommen.

Søndag 14. januar blei nytildsett sokneprest Janne Sukka innsett i Slidredomen. Kyrkja var fylt med omlag 150 menneske – konfirmantar med foreldre, soknerådsmedlem, tilsette, ordførar og andre folk frå bygda som ville ønske Janne velkommen. Det var pynta ekstra fint med blomar denne søndagen.

Organist Jovita Bergheim hadde invitert med seg fløyttist Julia Helgesen til ære for Janne – og dei to spelte nydeleg musikk – til glede for alle som var i kyrkja.

Leiar i Lomen sokneråd, Anne Gustavsen, las tenestebrevet, og prost Carl Philip Weisser sto for bøn og sjølve innsetjinga.

Vi var så heldige at det var to dåpsborn med oss – noko som var med å gjere gudstenesta endå meir feststemt! Både Eik Stølen Bråten og Iver Haugrud Kampesveen var usedvanlege rolege dåpsborn, som helste «pent» på kyrkjelyden då Janne lyfta dei opp.

Etter gudstenesta var alle velkomne til kyrkjekaffe i kulturkaféen i Slidre, og der møtte det omlag 60 personar. Sokneråda hadde dekka og pynta bord så fint – og serverte kringle, kaker,

frukt, kaffe og saft. Så vanka det velkomsttaler, gåver og blomar til Janne frå både fellesråd, sokneråd, prost og ordførar.

Frå sokneråda fekk Janne eit stor, flott lamme-skinn, som også var ei symbolisk gåve som synte kor varmt velkomen ho er! Også kona til Janne, Marianne, var til stades og blei ønska varmt velkomen.


Janne hadde laga ein kviss med spørsmål om seg sjølv – ein morosam vri som gjorde oss betre kjend med henne. Carl Philip spelte gitar til song og presenterte ei flott lysbiletesamling frå aktivitetar med konfirmantane og folk i kyrkja.

Det blei ein riktig fin søndag! Først ei flott gudsteneste med litt høgtid. Deretter ei hyggeleg og mindre høgtideleg velkomstsamling for Janne, med lett og god stemning.

Takk til alle som møtte og var med å lage til ein slik fin dag, og særskild takk til konfirmantane – det var så viktig og flott at nettopp de var med denne dagen!

Tekst: Veslemøy Kvamme

Bilete: Linda Krossøy og Edith Helle



Anne Gustavsen las tenestebrevet frå biskopen.

Konfirmantane våre!



Mange av dykk har sett dei flotte konfirmantane våre. Dei er med på enkelte messer som ministrantar og gjer ein strålende og viktig jobb. Nå er det snart tid for konfirmasjonar, og me ønskjer dei alle lukke til på vegen vidare og takkar for den tida me har fått låne dei i kyrkjene våre.

Ein sky ven

Eg takkar deg
grå auga
som aldri kom nær,
men som vil vera hjå meg
med sin godelek utan vinning
i min levedag.

Det som stansast
der den første bylgja går,
det er det som blir –
det er det ein har,
når anna er tømt og borte.

Ven
må eg få kalle deg,
og i din fine vår
vil du bli ståande.

Tarjei Vesaas, frå *Lykka for ferdesmenn 1949*

Julevandring i kyrkjene våre



Velkommen til julevandring!

Tysdag 12.desember var vi så heldige å få besøk av dei eldste borna i barnehagene i bygda. Dei gjekk til kyrkja som er nærast barnehagen sin; Røn kyrkje og Slidredomen. Der blei dei møtt av fleire frå staben ved kyrkja som i dette høvet



Tør vi dette, då?



Kjem det nokon snart? Maria, Josef og gjetarane ventar på tre vise menn.

var engelen Gabriel, vert i herberget og keisar Augustus.

Barna fekk velge kven dei ville vere i julespelet, fekk på seg klede – og saman gjekk vi vandring opp til Betlehem og stallen med Jesusbarnet.

Det var engasjerte og nysgjerrige barn som levde seg inn i spelet og song med på julesongane til musikk frå organisten.

Takk for besøket av både born og voksne – det var ei flott oppleveling for oss.

Takk for at de kom!

Tekst: Veslemøy Kvamme

Bilete: Veslemøy Kvamme og Johanna Fuglesteg

Tusen år ved Tingsteinen

Leseinstruks:

Tempo: Kapittel I særs sakte og med pause nok mellom orda til å la publikum skilja og tyde ord. Kapittel II og utover gradvis litt snøggare, opp til nær uforståeleg tempo på slutten av kapittel V. Tilbake til starttempo i kapittel VI.

Lesemåte elles: Namna på kapitla (einn osfr.) skal lesast. Norrønaktig tekst i kapittel I skal lesast med v for finni ord (døme: Olavr, yvir). Aksent over vokal = lang vokal. Tredje avsnittet med klokkardansk uttale. Fjerde avsnittet på gamal valdris. Kapittel II-IV på gradvis nyare valdris. Kapittel V overgang til engelsk, først med norsk og deretter med overdriven amerikansk uttale. Kapittel VI norsk med litt engelskprega uttale.

I Einn

Kom þá Olafur konungr fyrr at skipta millum uss
fyrir því að við böndr bílast yfir markir ok míðal
Hafde han ocksaa Præstr með sik og sagde han vilde lade alt vort Gods ock vaare Gaarde opbrænde ock tillige
vaare Quinder ock Börn saavel som hver opsætsig Bonde ock Dræng til Död og Fordærv hensende
est mō inkji vilde vende uss burt frå gamaltrue o taka ve kvite-Krist

II Two

Mō tala hono ette kjafte so mō pla alle storkara, so væl då so no
Sa kji beint fram nei, då di han hadde sylatera, måta. Sa kji beint fram ja, då di de vørte før mykjy løva der o då,
o før annsamt.
Mō tenkte uss væl um eitnokre hundre år.

III Tre

Sia træla mō med våre, o va jamnast fornøygde med di mō hadde. Mō braut stubb, pløygde mark, jakta o fiska,
hadde nøygde nok me våre dagele gjerd, glede o sorg, vakta marsteinadn mot augunsjuke granna o va sjøleigande
bønda best, kongin gløymde mō helst imyljo kor gong han slatt uppum ein snøggтур, ko n no skulde hiti her
gjera, hundreåre bar uss role fram igjøno
O der kom kanteføladn

IV Fire

Ungdommadn ha reist te Amerika no, o dei so e att lote mō sende på skule, o husmennadn e burte, o snart e kji
att nokon på gardo te slå, o hestn vart send sist vet
Men mōke kjem ut so ho ska, o enno gror det der traktorn har pløygd

V Five

Kem kunna veta åssen tia vart da alt vart by å nessn ingen bønnder meire bare byadn å hytter hær oppe
Dæ æ fint å bo hær i Vallers, dæ æ bare så lite som scher, men nattur æ vakker, jæ flötter vel tebakers når jæ har
tatt uttanninga mi såmm executive consultant innafår sustainable reiseliv
Really what you want to see happening is a change in the criteria for selecting the most suitable habitats for the
individual realization of each person's analyzed machine-learned innermost desires, which in turn puts
destinations that are touted as sustainably eco-friendly at the forefront of the customer's percieved mindset

VI Six sju åtte

Ser quinoa'n står fint i år. Ørret i vatna enno. Kashmirgeita beiter ute. Kan bli en sjele bra haust. Va sa rem no før
då? Sole raud over Synfjell renn.

Eivind Ødegård

Skrive til 1000-årsjubileet i Slidre i fjar sumar, framført ved tingsteinen av forfattaren

Stell av legatgraver



Me har fire flotte gravplassar i Vestre Slidre, fint pynta og fint stelte graver, fredelege stader for oss som er att. Nokre bur så langt unna at det er vanskeleg å stelle gravene skikkeleg, då kan dei kjøpe stell av grava, det er dette me kallar legatgraver.

Sokneråda har arbeidet med å stelle desse gravene i sumarhalvåret. Alle sokna har dugnad på kyrkjegardane før 17. mai, då blir det raka og rydda. Så fort faren for nattefrost er over, omlag 10. juni, blir det planta på gravene. Betulia og Sølvkrans blir ofte brukt, det er blomar som held seg godt gjennom heile sumaren.

Me i sokneråda har to veker vatning og stell kvar i løpet av sumaren. Mange graver har sjølvvatningskasser, då er ein sikker på jamn tilgang på vatn, kassene må likevel sjekkast og fyllest ved behov. Dersom ein blome er skada eller

stygg, byter me han ut med ein ny. Fyrst i september tek me opp summarblomane og plantar lyng på gravene.

Sokneråda blir betalte for arbeidet, dette er eit godt tilskot i kassa.

Teknisk etat klypper graset ved kyrkjene våre, og dei gjer fint arbeid!

Kva er høveleg på ei grav, kor mykje skal det plantast, kva med grasklypp innover blomane og på gravsteinen? Smak og behag og ymse meininger finst, me bed om forståing for at me dverre ikkje kan oppfylle alle ynskje... Me prøver å gjera dette arbeidet i pietet og med vørtnad for dei som ligg på gravplassen – og for dei pårørande.

Johanna Fuglesteg

Vil du være forsanger i kirka?

I Vestre Slidre vil vi gjerne ha forsangere på gudstjenestene for å få til bedre sang og være med på å skape fine gudstjenester. Sang og musikk er en svært viktig del av guds-tjenesten og forsangere skal lede menigheten i sang. Derfor ønsker vi å etablere en for-sangergruppe.

Er du glad i å synge? Vi utfordrer deg til å bli med som forsanger i kirker i Vestre Slidre. Som forsanger blir du stående oppe ved orgelet. Vi møtes litt før gudstjenesten for å synge gjennom salmer og liturgi. Om du ønsker å delta ta kontakt med organist Jovita Sofie på mail jb459@kirken.no eller på tlf 48624468

Torgeir Magistad – diktaren frå Øvre Røn

Vi fekk nyleg i hus ei gamal, flekkete og sletten diktsamling frå 1937: «Vardeljos» av Torgeir Magistad, som budde på Magistad i Øvre Røn og levde fram til 1954. Han var diktar, komponist, treskjærar og teiknar, og i tillegg var han klokkar i både Røn og Slidre.

Dette diktet vart skrive til 900-årsfesten for Slidredomen i 1923, og språkdrakta fortel om ei anna tid, men Slidredomen står ganske uendra i dag, med nyleg avvikla 1000-års-jubileum.

I diktsamlinga, som er den andre av tre samlingar, finn ein fleire hyldingdikt om kjende stader i Slidrebygdene, som: «Gamle-klokkone i Lomis-kyrkja» og «Hanajord».

Han gjesta fleire gonger NRK, der han sjølv framførde songar som han hadde både komponert melodi til, og skrive teksten sjølv.

I ein artikkel funne på Nasjonalbiblioteket, les vi at han var «et oppkomme av viten om alt som hadde med valdresbygdene å gjøre, om musikk i alle former, om harmonisering, om gamle navn og deres betydning, om slektshistorie og annen historie, konger og keisere».

Marit Bergljot Strømmen

SLIDREDOMEN

Til ni hundredad års festen 1923 i V. Slidre

Det er so vent i Slidre-kyrkja,
når alle klokkorne ringjer i kor,
og møy og mann ved helg og vyrka
finn hugnad i Guds dyre ord.

Det er so vent i Slidre-domén,
når folki sit stilt seg sessar ned, –
bér tru på honom som er komen
med soning og Guds heilag fred.

Det er so vent, når fram i koret
dei for Guds åsyn knelar ned,
som brør og systrar ved sanningsordet –
vert signa med Guds sæle fred.

Det er so vent når Guds hjarteborni
i dåp vert lagde i Jesu famn
i åndens bad og Guds heilag ordi
med fred vert signa i Herrens namn.

Det er so vent, når folk gjev gaman
på preike, song og orgelbrus,
men endå mest, når folk isaman
høgvyrdar Gud og kyrkjehus.

Det er so vent, når store og små
bér vyrd for grav og fedraminne, –
i heilagdomen ték luva si tå
med eit fader-vår og sin Gud i sinne.

Torgeir Magistad

Fastelavnssundag

11. februar i Slidredomen



Janne ved lespulten sundag 11. februar kl. 11.27.

Det hender dagen får ein annan let, ei anna farge, eit anna drag, noko godt som varar. Denne sundagen vart ein slik ein. Gerd Ødegård frå sanitetsforeninga var spurd av Janne om ho kunne laga fastelavnsris til pynt i kyrkja. Gerd kom inn i kyrkja med famnen full, og lyste gjorde både ho og pynten!

Fire konfirmantar var med oss under gudstenesta, blide og hyggelege ungdomar som tek oppgåver dei får på alvor.

Dåpsbarnet Emilie med over hundre år gammal dåpskjole i ein fin seremoni. Fine salmar, god song i kyrkja, høg, blå himmel over det heile, både ute og inne.

Tekst: Johanna Fuglesteg

Bilete: Johanna Fuglesteg og Sigbjørn Ø. Reinli



Fastelavnsris gjev glede lenge.

Gåver til kyrkjebladet 2023

Knut Oddvar Bergli	Gunnar Hauge	Oddvar Ola Thon
Torstein Bunde Loe	Øyvind Magistad Berge	Ivar Aars
Anne Ødegård	Målfrid Kirkengen	Marit Riste
Toril Karin Olvik	Ellen og Ola Fosheim	Kjellaug Trøen
Lisbeth og Sverre Flatmo	Anne Sofie og Stein Rønjas Hålien	Andris Rødningen
Margith Hovengen	Helfrid og Kjell Otto Tvene	Marit og Olle Rosendal
Randi og Endre Røn	Anne Grethe og Ola Magne	Grethe og Andris Stee
Anna-Helga Ringen	Solberg	Annie Reidun Stee
Ingrid og Jon Hjelle	Sigrid Ødegård	Marit Anny Løken
Ingrid Rogn	Ole Bjørn Før	Eli-Janne og Per Einang
Solveig og Egil Berger	Marit Kvåle	Gro Berge
Margith Hovengen	Geir Strømmen	Oddny og Bjørn Røn
Marit Fauske og Torstein Jørstad	Anne Lise Hamre Husby	Marit Røvang
Marit Kaata	Odd Arne Kolbjørnshus	Gullik Stee
Anna Kristine Hodne	Gerd og Olav Birger Ødegård	Anne Marie og Kjell Magne
Sigrid Marie Bråten	Ruth Marie Røn	Snortheimsmoen
Knut Hålien	Anne Holden	Oddrun og Gunnar Kverneggen
Kai Ole Ødegård	Aud Storhaug og Terje Tvene	Sigrid Rognes
Knut Fystro	Rigmor og Aslag Hamre	Oddbjørn Nygård
Olav Røn	John Trygve Stormyren	Torbjørn Øygard
Inger Kopperud	Helge Leirhol	Ingrid Wangensteen
Kari og Ivar Ringestad	Ingebjørg Fosheim Berg	Nils Dokkehaugen
Kristin og Olav Riste	Ragnhild og Ingar Myrheim	Marit og Nils Moen
Johanna Fuglesteg og Sigbjørn Ødegård	Elisabeth Lundmoen	Ola Riste
Liv og Haldor Ødegård	Kari Volden	Hans Petter Enger
Inga Marit Viste m/fam	Astrid Olaug Kvissel	Olav Bjørn Øye
Brita Siri Nesja	Berit Garvik	Anne Marie Gustavsen
Ola Kvissel	Vigdis og Bjørn Harald Hamre	Anna Tande
Solveig og Ivar Hamre	Inger Johanne Fosheim	Bjørg og Leiv Hamre
Nina Grythe	Lisa Ormestad	Eli Staxrud Brenna
Ingrid og Reidar Haugen	Astrid Øygard	Kjell Øystein Myhre
Grethe Løken	Gunvor Hambro og Harald Haugland	Kari Ulvsløkk Røn
Inger Astrid og Rolf Nordberg	Olav Norheim	Kristine Tande
Tomas Aastad	Arne Andreas Haugen	Liv Aarhus
Marianne og Gunnar Hamre	Kari Bergheim Moe	Olaug Volden
Aud og Sigmund Lisjordet	Dorthe Marie Høyme	Kjell Volden
Ruth og Odd Steinar Kirkengen	Olaug Sørboen Nilsen	Marit E Viste
Johannes Hålien	Anne Rogndokken	Anne Riste Skjelbreidalen
Eivind Sæteren	Leif Bergheim	Inger Helene Tvene
Harald Lome	Ivar Rødningen	Borgny Lyster
Marit Skrindsrud	Ola Egge	Ellen og Ola Fosheim
Synnøve Bråten	Mari Røn	

KYRKJELEGE HANDLINGAR

November 2023 – Februar 2024

Jordfesta	Lomen sokn:	24.11.23 01.02.24	Randi Reishaugen Magne Einar Lyseng	f. 1928 f. 1947
	Slidre sokn:	30.11.23 15.02.24	Grethe Irene Fredriksen Øyvind Olav Dokken	f. 1950 f. 1941
	Røn sokn:	22.12.23 12.01.24 08.02.24 29.02.24	Maren Åse Fauske Ingrid Annlaug Røn Bjørn Olav Røn Kristine Opheim	f. 1922 f. 1937 f. 1938 f. 1942
Dåp	Slidre sokn:	14.01.24 14.01.24 11.02.24	Iver Haugrud Kampesveen Eik Stølen Bråten Emilie Strand Paulsrød	
	Røn sokn:	25.02.24	Vilde Storhaug Storstad	

Rekneskap for kyrkjebladet 2023

UT:	Trykking	40 800,-
	Utkøyring	12 000,-
	Framside	600,-
	Mva	10 350,-
INN:	Annonser	17 750,-
	Gåver	33 450,-
	Mva	10 350,-
Resultat:	Minus 2200,- dette blir dekket av fond.	

Slidredomen 19. april kl 19.00:

Strykekvartetten Sostenuto

Fire ungdomar med glød for kreativitet og ekspressive uttrykk. Kvartetten vart stifta i koronaåret 2020 og valde å kalle seg Sostenuto – som står for uthaldande. Kvartetten består av Bjørg Pas, Andreas Aleksander Martinsen, Kristin Pas og Frida Leanne Rogn. Musikk i noregstoppoen!
Kom, kom ...

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen:	Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre:	Coop Slidre
Røn:	Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegam

kan du kjøpe hos:

Lomen:	Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre:	Coop Slidre
Røn:	Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Dag	Tid	Stad
MARS			
24.03.24	Palmesundag	11.00	Lomen
28.03.24	Skjærtorsdag	12.00	Sekskanten Vaset
29.03.24	Langfredag	11.00	Slidredomen rett tid: kl. 19:00
31.03.24	Påskedag	11.00	Slidredomen rett tid: kl. 12:00
APRIL			
01.04.24	2. påskedag	11.00	Sjukeheimen
14.04.24	3. sundag i påsketida	11.00	Lomen
21.04.24	4. s. i påsketida	18.00	Røn Årsmøte
28.04.24	5. s. i påsketida	11.00	Slidredomen Årsmøte
MAI			
01.05.24			Røn?
17.05.24	Grunnlovsdagen	09.45	Slidredomen
17.05.24	— — » — — —	12.00	Røn
19.05.24	Pinsedag	12.00	Slidredomen
20.05.24	2. pinsedag	11.00	Sjukeheimen
25.05.24	Konfirmasjon	11.00	Slidredomen
25.05.24	— — — » — — —	13.00	Lomen
26.05.24	Treeiningssundag	11.00	Røn, konfirmasjon
JUNI			
09.06.24	3. s. i treeiningstida	11.00	Lomen
16.06.24	4. s. i treeiningstida	18.00	Slidredomen
23.06.24	5. s. i treeiningstida	11.00	Røn
30.06.24	6. s. i treeiningstida	12.00	Syndinstogo?
JULI			
03.07.24	Pilegrimsmesse	19.00	Slidredomen
07.07.24	7. s. i treeiningstida	12.00	Røn, Fystro
21.07.24	9. s. i treeiningstida	11.00	Mo kyrkjeruin, Slidredomen
29.07.24	Olsok	18.30	Lomen stavkyrkje
AUGUST			
04.08.24	11. s. i treeiningstida	12.00	Vasetstølen
11.08.24	12. s. i treeiningstida	11.00	Lomen
25.08.24	Vingardssundagen	11.00	Slidredomen
SEPTEMBER			
01.09.24	15. s. i treiningstida	11.00	Røn
08.09.24	16. s. i treeiningstida	11.00	Lomen

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellan pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	E-post
Janne Sukka	45861038	Sokneprest	js593@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Sofia Bergheim	48624468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre Reinhaldar i alle sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	j-ole-b@n2u.no
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Anne Berit Strømmen Strand	97597150	Kom. valt repr. i Kyrkjeleg fellesråd	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



God påske!


Helsing frå oss i redaksjonen

Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Jovita S. Bergheim, Johanna Fuglesteg,
Linda Krossøy og Marit Strømmen



E-post til Kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com.

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!

 SLIDRE BYGG	 - BEGRAVELSESBYRÅ - Tlf.: 61 36 17 70	Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service
 Vestre Slidre kommune Heilt naturleg – ekta vare	 Brødrene Snortheimsmoen Graving – Transport – Mobilknusing 2960 Ren Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	 Tenk sikkerhet, bruk fagfolk Vestre Slidre El-installasjon A/S Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
 joker - helt i nærheten -	 RYFOSS Tlf. 97068077 www.joker.no	 ETBL. 1965 Tlf. 918 44 501 Rakfisk FRA VALDRES RØN GARD
 Brennabu Selskap og bryllup Aktiviteter Catering post@brennabu.no st. 36 01 31 02 brennabu.no	 MASKINENTREPENOR Ola Jørgen Fauske Mob: 95 12 43 90 Gruvedrift, Gravning, Fløting, etc.	 TAKSTKONTORET valdres Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
 Haugrudbygg AS	 <i>Fosheim</i> Interiør	 Byggtorget Fosheim Sag
 coop prix	Vestre Slidre Slidrevegen 14 2966 Slidre Tlf. 61345990	 Gunnar Hovda – Tlf. 481 27 903 Industrivegen 41 – Ryfoss
		 Wangensten AS Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.